

## Referat frå 7. møte i delprosjekt P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

**Dato:** 3.11.2017  
**Tid:** 13:00 til 15:30  
**Møteleiar:** Kari Grindvik  
**Stad:** Ålesund Rådhus  
**Frammøtte:** Irene Kalstad Aase, Frode Andresen, Helene Børretzen Fjørtoft, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Elin Moen, Geir Skodje, Mads Solberg, Geir Stenseth, Anny Sønnerland, Øystein Tvedt  
**Forfall:** Nils Magne Abelseth, Åse Kristin Bakke, Svein Harsjøen, Trine Otterlei, Synnøve Synnes

### 1) Godkjenning av sakslista og innkalling.

### 2) Oppsummering av arbeidet så langt.

Grindvik gav ei oppsummering av arbeidet i den politiske komiteen hittil, og kva som må gjerast i den næraste tida.

### 3) Utarbeiding av endelig innstilling på politisk hovudorganisasjon til fellesnemnda.

Med utgangspunkt i tekst og skisse frå drøfting i førre møte, arbeidet gruppa fram ny tekst og figur til saksframlegg for fellesnemnda til 7. desember 2017.

Rådgjevar for demokratiutvikling i prosjektet hadde ved tidlegare anledning informert om at lovforslaget til ny kommunelov kom til å oppheva skiljet mellom faste utval og komitear, og at denne problemstillinga fell bort, sidan det nye kommunestyret sto friare til å sjølv sette saman dei organa dei har behov for. Det gjorde at fokuset i drøftingane i gruppa, som i stor grad hadde omhandla avvegingar mellom utval- og komitémodell, i førre møte dreia over på andre aspekt ved den nye organisasjonen.

Diverre viser seg at dette ikkje var ei korrekt lesing av lovforslaget. Det er riktig at det nye lovforslaget opphevar distinksjonen mellom faste utval og komitear. Men seinare i NOUen presiserast det at det ikkje her er snakk om kommunestyrekomitear etter paragraf §10a. Det er i staden berre snakk om å oppheve skilnaden mellom utvala beskrive i § 10, og komiteane som er beskrive i § 10 nr. 5 (som ofte er av meir tidsavgrensa art). Ordninga med kommunestyrekomitear etter paragraf § 10 a, utan beslutningsmynde og kor alle medlemmar av kommunestyret tildelast ein plass, vil fortsatt være eit alternativ.

Grunna denne misforståinga blei gruppa ikkje samde om kva slags ordning som bør ligge til grunn for organiseringa av kommunestyret i nye Ålesund. I innstillinga til fellesnemnda legg P2 difor fram

begge alternativa, saman med dei andre overordna prinsippa som ein meiner bør være førande for politisk arbeid.

Komiteen blei så einig i at revidert skisse til saksframlegget blir stila av Solberg, og så sendt tilbake til delprosjektmedlemmane for tilbakemelding med frist onsdag 29.11. Endeleg saksframlegg frå komiteen til fellesnemnda, blir sendt ut torsdag 30.11.2017.

Tekst til det endelege framlegget som sendast til fellesnemnda er vedlagt her.

#### **4) Drøfting av vegen vidare.**

Komiteen fortsett med å avhalde månadlege møter på fredagar, klokka 13:00, og roterer møtestad mellom kommunane.

Første møte blir 5. januar, 13:00. Innkallingar for resten av første halvår 2018 blir sendt ut seinare.

#### **5) Praktisk orientering om status som politisk komité m.m.**

Fylkesmannen har instruert at dei politisk leia delprosjekta i prosjektorganisasjonen for nye Ålesund er politiske organ. Delprosjekt P2 skal dermed følgje prinsippa for politisk komitear jamfør kommunelova, og skiftar namn til Politisk komité P2 for å reflektere dette. Møta skal gå for opne dører, og følgjer vanlege reglar for arkiv og innsyn gjennom ACOS/Websak Fokus.

Mads Solberg – Ålesund 29.11.2017